

# **VEDTEKEN FYLKESGEODATAPLAN**

**for  
Rogaland**

**2024 – 2027**



## Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Norge digitalt i Rogaland .....	3
2	Fokusområde og satsingar i planperioden .....	4
3	Samarbeid.....	5
3.1	Organisering av Norge digitalt i Rogaland .....	5
3.1.1	Fylkesgeodatautvalet .....	6
3.1.2	Basisdatautvalet.....	7
3.1.3	Plan- og temadatautvalet .....	8
3.1.4	Brukarforum for NVDB .....	9
3.1.5	Faggrupper under Norge digitalt Rogaland.....	9
3.2	Årlege møte i Norge digitalt-samarbeidet .....	10
3.3	Andre geodatasamarbeid i fylket .....	11
3.3.1	Interkommunale geodatasamarbeid .....	11
4	Datainnhald.....	12
4.1	Basisdata.....	12
4.1.1	Felles kartdatabase (FKB).....	12
4.1.2	Ortofoto og andre biletedata.....	21
4.1.3	Detaljerte høgdedata (terreng og overflate).....	23
4.1.4	Matrikkeldata og administrative grenser .....	25
4.1.5	Forvaltning, drift og vedlikehald.....	29
4.2	Plandata.....	29
4.3	Temadata.....	32
4.4	Marine data.....	38
4.5	Fylkesspesifikke tiltak.....	43
5	Kompetanse .....	45
6	Handlingsplan .....	48

*Framsidedato: Store Foretjerna i Gjesdal kommune, 7. februar 2021. Foto: Ole Lunden*

# Fylkesgeodataplan

## 1 Innleiing

Nasjonal geodatastrategi i 2018, «Alt skjer et sted», blei lagt fram av Regjeringa i 2018. Den bygger på og utfyller Digital agenda for Norge, «IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet», jf. Meld. ST. 27 (2015-2016).

I tillegg til strategiens visjon, **Noreg skal vere leiande i bruk av geografisk informasjon**, har han 4 hovudmål og ein handlingsplan som vert revidert årleg.

Geodataplanen er ein plan for Norge digitalt-samarbeidet i Rogaland. Han omhandlar det dei lokale partane samarbeider om eller planlegg å samarbeide om i fylket. Arbeid som dei enkelte partane har ansvar for, men som ikkje er omfatta av samarbeidet, er ikkje ein del av denne geodataplanen.

Planen har to delar:

- Eit **Fellesdokument** som er likt i alle fylka i landet. Dette dokumentet inneheld generell informasjon og overordna føringar for det lokale geodatasamarbeidet i Norge digitalt. Her er det ei kort innføring i korleis Norge digitalt-samarbeidet er organisert og kva som er dei viktigaste rammevilkåra for samarbeidet lokalt. Dette dokumentet skal vere likt for alle fylke og ikkje endrast lokalt.
- Ein **Fylkesgeodataplan** som er utarbeidd spesielt for Rogaland. Planen handlar om dei aktivitetane det blir samarbeidd om i fylket. **Handlingsplanen** føreligg som eit frittstående vedlegg (rekneark) til Fylkesgeodataplanen.

### 1.1 Norge digitalt i Rogaland

Kommunane i Rogaland har så langt vore delte inn i fire regionar med til saman åtte vedlikehaldspuljar for å effektivisere prosjekt- og forvaltningssamarbeid. Med bakgrunn i planane om sentral lagring av data har dei aller fleste kommunane i Rogaland teke sentral lagring i bruk.

I fylka har dei ulike partane ulike roller. Dei ulike fagetatane på regionalt nivå har ei fagleg rettleiingsrolle i forhold til kommunane innanfor sine fagfelt. Dei initierer derfor etablerings- og forbettringsprosjekt og er katalysator innanfor desse felta. Kartverket har ei viktig rettleiings- og koordineringsrolle i forhold til dei regionale partane, samtidig som dei rettleier kommunane teknisk i forhold til gjennomføring av etableringsprosjekt og arbeid knytt til FDV-avtalane. Kartverket styrer normalt desse arbeidsprosessane. Kommunane deltek i utførande oppgåver og rapporterer feil og manglar til regionale og nasjonale fagetatar.

Partane i fylket sørger for at forvaltninga og finansieringa er sikra. Målet er å få det enkelte datasettet inkludert i forvaltning-, drift- og vedlikehaldsavtalen (FDV-avtalen).

Norge digitalt i Rogaland er i stor grad organisert og drive som på landsbasis gjennom eit fylkesgeodatautval (FGU) med underutvala Basisdata og Plan- og temadata.

## 2 Fokusområde og satsingar i planperioden

Fylkesgeodatautvalet i Rogaland vil ha følgjande fokusområde og satsingar i planperioden:

- Slutføre vegadresser i Rogaland
- Få alle relevante detalj- og reguleringsplanar og kommunedelplanar over på digitalt vektorformat.
- Arbeide for å auka plandatakvalitet
- Gjennomføre regionsvise møte med dei samarbeidande kommunane
- Auke kompetansen i og få fleire datasett med i Det offentlege kartgrunnlaget (DOK)
- Styrke og videreutvikle Temakart Rogaland
- Gi grunnlag for å førebygge og handsame kriser på ein betre måte
- Marine data i kystsona og hamnedata
- Følgje opp arbeidet i faggruppene for planer og analyseverktøy, samt brukarforum for Nasjonal vegdatabank (NVDB)
- Sikre samordning mot aktiviteter i nasjonal geodatastrategi
  - Halde oss orientert om aktiviteter i geodatastrategien
  - Vere ein aktiv bidragsytar til å kome med innspel til nasjonale satsingar

## 3 Samarbeid

### 3.1 Organisering av Norge digitalt i Rogaland

Alle fylka skal organisere Norge digitalt-arbeidet gjennom eit fylkesgeodatautval (FGU) med underutval. FGU må ha god forankring, og ein skal arbeide for å ha representasjon der avgjerder vert tekne.

Ansvar for arbeid mot handlingsplanen i nasjonal geodatastrategi ligg til utvalet. Representantane er ambassadørar for nasjonal geodatastrategi i deira organisasjonar og mot samarbeidspartar.

FGU er styringsgruppe for følgjande underutval med tyngre fagleg representasjon

- Basisdatautvalet (BDU)
- Plan- og temadatautvalet (PTU)
- Brukarforum for NVDB
- Faggruppe Plan
- Faggruppe Analyse

#### Utval og faggrupper i Rogaland



Figur 1 Utval og faggrupper

Utvala bør vere samansette med brei representasjon av fagpersonell. Dersom ikkje anna er bestemt skal Kartverket vere representert i alle utval og ha anten leiar- eller sekretærfunksjonen.

Utvala peikar sjølv ut representantar. Eventuelle representantar for andre partar kan delta der det er nødvendig.

Partane i fylket sørgjer for at forvaltninga og finansieringa er sikra. Målet er å få dei enkelte datasetta inkludert i forvaltning-, drift- og vedlikehaldsavtalen (FDV-avtalen).

Alle utval og faggrupper skriv ei kort årsmelding som vert lagt fram for FGU. Årsmeldinga til FGU vert lagt fram for årsmøtet i Norge digitalt.

### 3.1.1 Fylkesgeodatautvalet

Ansvar for arbeid mot handlingsplanen i nasjonal geodatastrategi ligg til utvalet. Representantane er ambassadørar for nasjonal geodatastrategi i deira organisasjonar og mot samarbeidspartar.

Fylkesgeodatautvalet (FGU) skal

- Bidra til auka bruk av geodata i forvaltninga og til å profilere Norge digitalt og Geovekst
- Gi råd og anbefalingar til dei deltakande partane
- Behandle og godkjenne geodataplanen seinast 1. november
- Førebu og gjennomføre årsmøte i Norge digitalt

FGU er leia av eit arbeidsutval på 3 personar. Arbeidsutvalet består i 2024 av Jon Moe, Marianne F. Stange og Astrid Espe.

Arbeidsutvalet skal i tillegg

- Ha kontakt med og følge opp det som skjer i underutval og faggrupper
- Sjå til at arbeidet i underutvala er i tråd med føringar og prioriteringar som er vedtekne i FGU
- Lage årsrapport frå arbeidet som vert utført i utval og faggrupper

#### Samansetnad

I Rogaland er desse organisasjonane representerte (tal på representantar i parentes):

- Statsforvaltaren (SF) (1)
- Fylkeskommunen (2)
- Kartverket (1)
- Statens vegvesen (1)
- Kommunar (3)
- Andres statsetatar (1)
- Selskap: Bane NOR, Telenor og energiforsyninga (3)

Fylkeskommunen, Statsforvaltaren, Kartverket, Statens vegvesen, Telenor, Bane NOR og Energiforsyninga er faste medlemmer og peikar sjølve ut representantane sine. Elles blir representantane frå kommunane utnemnde for to år om gongen av sine organisasjonar. Varamedlemmene er personlege.

Medlemmer i fylkesgeodatautvalet:

Representant for	Namn/Tittel/Valperiode	Arbeidsgjevar
Statsforvaltaren	James Stott Vara: Anfinn Rosnes	Administrativ stab Landbruksavdelinga
Fylkeskommunen	Astrid Espe *	Plan, miljø og samfunnsavdelinga

Representant for	Namn/Tittel/Valperiode	Arbeidsgjevar
	Erik Lima	Samferdselsavdelinga
Statens kartverk	Jon Moe * Vara: Ole Lunden	Kartverket Rogaland Kartverket Rogaland
Statens Vegvesen	Geir Magnus Tunland Vara: Silje Ofstad Henden	Statens vegvesen Statens vegvesen
Kommunane	Åge Einar Djuve (2023/24) Vara: Kjell Olsen (2023/24)	Sandnes kommune Haugesund kommune
Kommunane	Gerd Karin Espedal (2024/25) Vara: Olav A. Thorsberg (2024/25)	Gjesdal kommune Klepp kommune
Kommunane	Marianne F. Stange (2022/23)* Vara: Stine H. Marken (2022/23)	Haugesund kommune Vindafjord kommune
Andre statsetatar <sup>1</sup>	Lene Brandsø Reiersen Jannicke Johannesen	Kystverket Politiet
Telenor	geodata@telenor.com	Telenor
Energiforsyninga	John Kapstad Vara: Sigve Hamran	Enida AS L-nett
Bane NOR	Jon Haugland	Bane NOR

\* Medlem av arbeidsutvalet

<sup>1</sup> Andre statsetatar omfattar dei følgjande etatane: Kystverket Vest, Forsvarsbygg Region Vest, Haugaland og Sunnhordaland jordskifterett, Sør-Rogaland jordskifterett, Mattilsynet (2 avdelingar), Avinor, Veterinærinstituttet v/Statens veterinære senter, Rogaland sivilforsvarsdistrikt, HV08, Universitetet i Stavanger, Høgskulen på Vestlandet, Sør-Vest politidistrikt, Fiskeridirektoratet Region Sør

### 3.1.2 Basisdatautvalet

Basisdatautvalet sine aktivitetar er i stor grad knytt opp til geodataplanen sin årssyklus. Det er derfor naturleg med to-tre møter i året.

Utvalet skal i hovudsak arbeide med

- Samordning av basis geodata i fylket
- Innspel til geodataplanen
- Prioritering av Geovekst-prosjekt
- Diskutere faglege problemstillingar

#### Samansetnad

Basisdatautvalet er sett saman av representantar frå

- Kommunane
- Fylkeskommunen
- Statsforvaltaren
- Kartverket
- Statens vegvesen
- Bane NOR
- Selskap: Telenor og energiforsyninga

- Eventuelle andre relevante partar

Medlemmer i utvalet:

Representant for	Namn/Tittel	Kjem frå
Statsforvaltaren	Rune Lian	Landbruksavdelinga
Fylkeskommunen	Erik Lima Vara: Maren Hope Blå	Samferdselsavdelinga Samferdselsavdelinga
Statens vegvesen	Silje Ofstad Henden	Statens vegvesen
Kartverket	Oddny Haugland	Kartverket Rogaland
	Ole Lunden	Kartverket Rogaland
Kommunane	Gerd Karin Espedal	Gjesdal kommune
	Otto Ødegård	Sandnes kommune
	Hilde Bergjord	Suldal kommune
Telenor	Bengt Morten Olufsen	Telenor
Energiforsyninga	Sigve Hamran	L-nett
	John Kapstad	Enida AS
	Thomas Larsen	Fagne AS
Bane NOR	Jon Haugland	Bane NOR

### 3.1.3 Plan- og temadatautvalet

Plan- og temadatautvalet sine aktivitetar er som med basisdatautvalet (jf. 3.1.2) i stor grad knytt opp til geodataplanen sin årssyklus. Det er derfor naturleg med to-tre møter i året.

Utvalet skal i hovudsak arbeide med:

- Utveksling av erfaringar der målet er å sikre høg kvalitet på plan- og temadata og god formidling av dei.
- Innspel til geodataplanen
- Diskutere faglege problemstillingar
- Hjelpje Norge digitalt-partar som vil etablere plan- og temadata

#### Samansetnad

Plan- og temadatautvalet er samansett av representantar frå

- Kommunane
- Statens vegvesen
- Fylkeskommunen
- Statsforvaltaren
- Eventuelle andre relevante partar, t.d. frå andre statsetatar

Medlemmer i utvalet:

Representant for	Namn/Tittel	Kjem frå
Statsforvaltaren	Tonje Fjermestad Aase	Beredskapsstaben
	Kristian Solberg	Miljøvernavdelinga
	James Stott	Administrativ stab
	Solbjørg Engen Torvik	Miljøvernavdelinga
Fylkeskommunen	Astrid Espe Vara: Paal Grini	Plan, miljø og samfunnsavdelinga Plan, miljø og samfunnsavdelinga
Kommunane	Elisabeth Haarr	Sola kommune
	Sigbjørn Thronsen	Sandnes kommune



Representant for	Namn/Tittel	Kjem frå
	Heidi Saua	Sauda kommune
	Stine Helen Marken	Vindafjord kommune
Andre statsetatar	Silje Ofstad Henden	Statens vegvesen
	Frances Toynbee	Fiskeridirektoratet
	Lene Brandsø Reiersen	Kystverket
	Dag Matre	Stavangerregionen havn
Kartverket	Sigbjørn Wik	Kartverket Rogaland

### 3.1.4 Brukarforum for NVDB

For å styrke samarbeidet mellom dei som bruker vegdata, vart det i 2021 oppretta eit brukarforum for Nasjonal vegdatabank (NVDB).

#### Mål i Rogaland:

- Møtepunkt for erfaringsutveksling og fagleg samarbeid innan NVDB og andre vegrelaterte tema
- Samle alle fagdata om veg på ein plass
- Kvalitetsheve fagdata i NVDB
- Arbeide med tekniske utfordringar og standardisering slik at det vert enklare for brukarane å registrere og bruke data i NVDB
- Fokus på stikkrenner

Det bør haldast 2-4 møte i året.

Medlemmer i brukarforumet:

Representant for	Namn	Kjem frå
Statsforvaltaren	James Stott	Administrativ stab
Fylkeskommunen	Erik Lima	Samferdselsavdelinga
Kommunane	Ali Moradi	Sandnes kommune
	Otto Ødegård	Sandnes kommune
	Steinar Knutsvik	Hå kommune
	Tom Brekke	Karmøy kommune
Statens vegvesen	Geir Magnus Tunglund	Statens vegvesen
Kartverket	Jon Moe	Kartverket Rogaland

### 3.1.5 Faggrupper under Norge digitalt Rogaland

Regionsmøtet har sett behov for kunnskapsdeling og vedteke å opprette digitale faggrupper i Rogaland. Dette bør inn som fast punkt i samband med årsmøte, regionsmøte eller andre samlingar i regi av Norge digitalt. Det er ønskeleg at faggruppene gir årleg rapport om pågåande aktivitet til Fylkesgeodatautvalet v/Arbeidsutvalet.

#### Utvikling, program og løysningar

Teams-gruppe i regi av Samferdselsavdelinga i fylkeskommunen, Dette er ein uformell møteserie med fokus på utvikling av løysingar i t.d. FME, Sharepoint, QGIS mm. Gruppen er open for andre interesserte men inntil vidare ikkje for private aktørar/leverandørar.

### Faggruppe analyse

Som oppfølging til Årsmøtet i Norge digitalt 2023 har Temakart Rogaland tatt på seg å dra i gang ei faggruppe for analyse. Det er oppretta ei Teamsgruppe hos Statsforvaltaren i Rogaland med mål om tilsvarande uformell møteserie som for Utvikling, program og løsninger. Gruppa starta opp i mai 2023 og møtes ca ein gong i månaden.

### Plangruppe

Formålet med gruppa er å ha eit kontaktnett for planleggere der ein kan spørje kvarandre om råd og tips. Det kan og haldast møter med ulike tema.

## 3.2 Årlege møte i Norge digitalt-samarbeidet

Dei årlege Noreg digitalt-møta skal sikre at samarbeidet i fylket blir drive etter føremål i tråd med sentrale og lokale retningslinjer. Som minimum skal det haldast eitt møte for alle Noreg digitalt-partane i fylket der årsmøtesaker som: evaluering av arbeidet føregående år, årsrekneskap for prosjekta, presentasjon av årets geodataplan, innmelde saker, presentasjon av nye medlemar til utvala, blir behandla

Dei regionale møta skal ha ein representant per samarbeidspart i Norge digitalt.

Fylkesgeodatautvalet sine medlemmer og varamedlemmer bør delta på minst eit av møta.

Kommunane er inndelt som følgjer:

<b>3.2.1.1 Region nord</b>	<b>3.2.1.2 Region sør -1</b>	<b>3.2.1.3 Region sør - 2</b>
Utsira Karmøy Haugesund Bokn Tysvær Vindafjord Sauda Suldal	Kvitsøy Randaberg Stavanger Sola Sandnes Strand Hjelmeland	Klepp Time Hå Gjesdal Bjerkreim Lund Sokndal Eigersund

I 2024 kan det haldast to møte:

- Regionmøte Nord
  - – for kommunane i Region nord
- Regionmøte Sør
  - – for kommunane i Region sør

Arbeidsutvalet kan bestemme at det berre skal haldast eit møte for alle.

## 3.3 Andre geodatasamarbeid i fylket

### 3.3.1 Interkommunale geodatasamarbeid

#### 3.3.1.1 Temakart Rogaland

I portalen [Temakart Rogaland](#) finn ein samla oversikt over datasett og tenester innan plan- og temadata for Rogaland. I tillegg inneheld han ei rekkje skreddarsydde verktøy.

Temakart Rogaland er eit prosjekt under plan- og temadatautvalet. Alle partane i Norge digitalt i Rogaland har høve til å delta i prosjektet gjennom ein abonnementsavtale med ei rimeleg årsavgift. Det er for tida 25 partar i prosjektet, som blir leia av Statsforvaltaren sin GIS-koordinator. Fylkeskommunen bidrar med formidling av data og opplæring i dataverktøyet.

Nyheiter om portalen blir lansert på prosjektsida som du finn her:

<https://prosjekt.temakart-rogaland.no/>

#### 3.3.1.2 DigiRogaland

Digi Rogaland er eit samarbeid mellom alle kommunane i Rogaland. Gjennom samarbeid skal kommunane utvikle og ta i bruk nye digitale løysingar slik at alle som bur i Rogaland får lik tilgang til digitale kommunale tenester.

I Digi Rogaland skal kommunane løfte kvarandre og saman finne gode løysingar for innbygarane i heile Rogaland.

På denne nettstaden ligg det meir info.

<https://digi-rogaland.no/faggrupper/plan-bygg-og-geodata-smartkommune/>

#### 3.3.1.3 Fonnakart

[Fonnakart](#) er ein felles kartportal for nitten kommunar i Vestland og Rogaland. Det er mange som allereie kjenner til og er flittige brukarar av Fonnakart. Frå Rogaland er desse kommunane med i Fonnakart-samarbeidet; Bokn, Tysvær, Karmøy, Utsira, Haugesund og Vindafjord.

Kartportalen gjev grunnkart, plankart og flyfoto saumlaust i heile kommunen, i tillegg til reguleringsplanar og kommuneplanar som er komne med i siste versjon. Karttypen Reguleringsplanar viser alle vedtekne planar og planar som er under arbeid i kommunen. Karttypen Kommuneplan viser den nyleg vedtekne kommuneplanen.

#### 3.3.1.4 Andre ordningar

Dei fylgjande kommunane er for tida ikkje med i noko kommunesamarbeid; Sauda, Suldal, Bjerkreim, Lund, Sokndal og Eigersund.

## 4 Datainnhald

### 4.1 Basisdata

#### 4.1.1 Felles kartdatabase (FKB)

FKB er dei mest detaljerte kartdata i Noreg. Desse blir etablerte og forvalta i Geovekst-samarbeidet. Etablering og periodisk ajourføring blir gjennomført i eigne prosjekt, medan det kontinuerlege vedlikehaldet blir regulert gjennom løpande FDV-avtalar for kvar kommune.

Geovekst-partane har vedtatt at forvaltninga av FKB-data skal skje i ein sentral base (SFKB) og at dette er originalen. Sommaren 2022 oppdaterte 338 av 356 kommunar sine FKB-data i SFKB. Det er eit mål at denne delen blir auka ytterlegare slik at SFKB blir ei kjelde til oppdaterte FKB-data for heile Noreg. I løpet av perioden er det også eit mål å lage eit oversyn på kva behov neste generasjon av forvaltningsløyninga skal dekke og ein plan for korleis dette kan realiserast.

#### **Nasjonale mål**

Dei nasjonale måla bygger opp om tiltak 9, *Videreutvikle detaljerte grunnkart (FKB) for fremtiden*, i handlingsplanen til nasjonal geodatastrategi.

Partane skal bidra til revisjon av geodataplanen og delta aktivt i prosjektutforming av konkrete kartleggingsprosjekt. Dette er for å sikre tilstrekkeleg tilgang til oppdaterte FKB-data som dekker behova til brukarane.

FKB-data skal vere landsdekkande og dei skal etablerast og vedlikehaldast etter Produktspesifikasjon for Felles Kartdatabase. Ny revidert produktspesifikasjon for FKB, versjon 5.0, er nytta i 2022-prosjekta og vil nyttas fullt ut frå 2023..

Forvaltning, drift og vedlikehald er regulert i FDV-avtalen. Auka søkelys på kontinuerleg vedlikehald gjennom saksbehandling hos partane vil være ein viktig del av denne planen. Avtalepartane skal årleg vurdere om det er behov for spesielle kvalitetshevande tiltak i den enkelte kommune eller fylke.

Nasjonalt er det semje om at følgjande område skal prioriterast i planperioden, noko som er meir detaljert beskrive i [FKB Kvalitetsplan](#) , utarbeidd av Geovekst-forum:

- 
- Kvalitetsheving bygningstema – Redusere totalt antall avvik frå bygningskontrollane med 10% på landsbasis i løpet av året. (2024)
- Kvalitetsheving samferdsletema – Redusere totalt antall avvik i samferdselskontrollane med 10% for alle kontrollane på landsbasis i løpet av året. (2024)
- Samsvarsjekk traktorveggar og stiar – Samsvarsjekk for FKB-TraktorvegSti med Turrutebasen med mål om 90% samsvar i løpet av året. (2024)
- Kvalitetsheving av FKB-vann – Redusere antall objekt med FKB-D kvalitet i FKB-Vann og tilstrebe samanhengande nettverk. (2024)
- Samsvarsjekk arealbrukstema – Samsvarssjekk mellom FKB-arealbruk og SSB-arealbruk med mål om 90% samsvar. (2024)
- Samsvarsjekk FKB-BygnAnlegg – Samsvarssjekk mellom FKB og N50 kartdata med mål om 90% samsvar i tettbygde strøk for utvalde objekt. (2024)

- Samsvarssjekk mellom FKB-ledning og NRL med mål om 100% samsvar på utvalgte objekt. (2024)
- Generell kvalitetsheving – Alle FKB-data med grunnrissnøyaktighet betre enn 2 meter på terrengnivå skal påførast høgde frå NDH. (2024)

### **Mål i Rogaland**

- I område som er regulert til utbygging skal det finnast data som er gode nok til å kunne brukast som grunnlag for planar
- Målet er å ha fotogrammetriske FKB-prosjekt i kvar kommune minst kvart femte år. I kommunar med stor aktivitet vil det vere behov for å ha prosjekt oftare.
- E-verka leverer vedlikehaldsdata på SOSI-format frå sine NIS-databasar i SFKB når dette blir lagt til rette
- Bruke omløpsbilde til nykonstruksjon eller ajourføring i FKB-C- og -D-område. Dette vil vere aktuelt i fleire kommunar sidan det mange stader er svært gamle data. I område med spreidd busetnad kan bilda også brukast til ajourføring av FKB-B-data
- Andre geodatabrukarar enn kommunar og dei landsdekkjande partane skal inviterast til å delta i nye prosjekt
- Gjennomføre periodisk ajourføring av FKB-AR5 i kommunane når nye omløpsbilde ligg føre
- Sørge for at det finst gode basisdata som kan brukast som grunnlag for analysar
- Gjennomføre kontinuerlig ajourhold av kategori 1 data i NVDB: Digitalt navigerbart vegnett
- Få ein mest mogleg komplett hamnedatabase i SFKB for Rogaland
- Ajourhald av data og opplæring i dette.

# Årshjul Geovekst




Figur 2 Saksgangen i eit Geovekst-prosjekt

## Oversyn over omløp for FKB-kartlegging i den einkilde kommune


Kommune	Sist kartlagd	Neste kartlegging
Bjerkreim	2022	2027
Bokn	2021	2026
Eigersund	2022	2027
Gjesdal	2019	2024
Haugesund	2021	2026
Hjelmeland	2020	2025
Hå	2023	2028
Karmøy	2021	2026
Klepp	2023	2028

Kvitsøy	2021	2026
Lund	2023	2027
Randaberg	2021	2026
Sandnes	2023	2024
Sauda	2020	2025
Sokndal	2022	2027
Sola	2022	2026
Stavanger	2023	2024
Strand	2020	2025
Suldal	2020	2025
Time	2023	2028
Tysvær	2021	2026
Utsira	2021	2026
Vindafjord	2021	2026



Figur 3: Kart som viser neste FKB- kartlegging i kommunane. Dei aktuelle areala i den einsskille kommune kan bli mindre enn det som er vist på kartet.





Figur 4: FKB-standarder i Rogaland

Brunt = FKB A  
 Blått = FKB B  
 Gult = FKB C  
 Kvitt = FKB D

## Delmål

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Forbetre FKB- og høgdedata	Data syner ikkje rett situasjon eller har for dårleg FKB-standard	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Flyfotografering med ny konstruksjon eller fotogrammetrisk ajourhald</li> <li>- Laserskanne der høgdegrunnlaget ikkje er godt nok</li> <li>- Undersøkje om høgdegrunnlag og FKB-data er gode nok. Sjå nærare på utbyggingsområda i vedteken kommuneplan.</li> <li>- Få oversyn over utbygde område etter siste kartlegging.</li> </ul>	SK  SK  Kommunar Statens vegvesen / fylkeskom munen / Nye Veier/Bane NOR	1. mai  1. mai  1. juli året før fotografering.  1. juli året før fotografering
Gjere det mogleg for kommunane, e-verka, fylkeskommunen og Statens vegvesen å sjølv leggje inn data i sentrale basar	Alle kommunane i Rogaland har teke SFKB i bruk.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplæring av saksbehandlarar</li> <li>- Kjøp av dataprogram, datautstyr og kontakt med programleverandørar</li> </ul>	SK Kommunar Vegvesenet /Nye Veier/FK E-verka	2024
Halde kartet ajour etter utbygging	Etter vedlikehald inneheld ikkje FKB-data alt som er endra. Kvalitet på data frå ajourhald er nokre stader for dårleg.	Få tilgang til innmålte data frå utbyggjarar og entreprenørar når prosjekt vert avslutta <ul style="list-style-type: none"> <li>- Gje melding om stolpar og leidningstrasear som er fjerna eller sett opp.</li> <li>- Kontroll av ledningsdata mot NRL.</li> <li>- Leggje inn nye eller fjerne data frå sentrale FKB-basar og melde inn til NRL. Hente naudsynte ledningsdata til FKB-baser frå NRL-base. E-verka skal rapportere endringer i NRL-base direkte frå våre NIS (nettinformasjonssystem).</li> </ul>	Kommunar Vegvesenet SK E-verka  Kommunar E-verk Havnevese net	Ved overlevering av anlegg Etter 2 mnd  Etter 2 mnd

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
		<ul style="list-style-type: none"> <li>- Halde tiltaksbasen oppdatert og overføre data til FKB-basane når tiltaket er avslutta</li> <li>- Halde ajour kystkontur og Hamnedata SFKB</li> </ul>		
Oppgradere e-verka sine databasar	Mange eigenskapar finst ikkje på rett SOSI-format Nytt regelverk for NRL kom i 2020	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Opplæring i å behandle leidningsdata i SOSI</li> <li>- Lage konverteringsløyper og påføre konsistens, geometri, nøyaktigheit m.v.</li> <li>- Ønska eigenskapar SFKB bør ha samme krav til eigenskapar og kvalitet som krevd i revidert NRL forskrift.</li> </ul>	SK E-verka	2024
Forbetre innhaldet i FKB-C og D-område med konstruksjon frå omløpsfoto	Data inneheld ikkje rett situasjon eller har dårleg nøyaktigheit.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Undersøkje om det er endringar sidan siste kartlegging</li> <li>- Vurdere behov for ajourføring/nykonstruksjon/oppgradering til FKB-C eller –B</li> </ul>	Kommunar  Geovekstpartar	
	Kontinuerleg ajourhald får ikkje støtt med seg alt. Alle kommunane har fått oppdatert Ar5 etter siste omløp	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Avtale mellom kommunane og NIBIO om oppstart.</li> <li>- Ta med periodisk ajourhald i geovekstavtalar</li> </ul>	Kommunar Landbruk SK	2024 ?
Gjennomføre kontinuierleg ajourhald på digitalt vegnett	Statens vegvesen har laga nye rutiner og det er fleire nye vegforvaltalar på ERF-vegnettet	- Vegforvaltarar på europa- riks- og fylkesvegnettet (ERF) etablerer rutiner for sikre leveranse av kategori 1 data: Digitalt navigerbart vegnett	Vegforvaltarar på ERF-vegnettet	2024
Alle kommuner tar i bruk webklient for Ar5	Raskere saksbehandling når folk på landbrukskontoret gjør oppdateringer sjøl.	- Landbruk held kurs for kommunene.	Landbruk	2024

## Status AR5 for Rogaland

Kommune	Plan/avtale	Planlagt år	Planlagt brukt ortofoto	Periodisk ajourhold					
				2.gang, ferdig	2.gang, ortofoto år	2.gang, prosjekt	3.gang, ferdig	3.gang, ortofoto år	3.gang, prosjekt
1101 Eigersund				16.05.2014	2012	LACHRO22 Eigersund 2012	13.07.2020	2019	LACHRO81 Jæren og Dalane 2018
1103 Stavanger	AVTALE	2023		19.06.2015	2013	Egen avtale	01.03.2019	2018	Egen avtale
1106 Haugesund				13.03.2015	2013	LACHRO32 Haugalandet 2013	09.06.2020	2019	LACHRO71 Haugalandet 2017
1108 Sandnes				30.05.2016	2014	LACHRO42 Sandnes 2014	23.03.2021	2020	LACHRO01 Jæren 2020
1111 Sokndal	AVTALE	2023	2022	17.12.2015	2014	LACHRO44 Sokndal 2014	23.06.2023	2022	LACHRO21 Jæren og Dalane 2022
1112 Lund		2022	2020	14.11.2022	2020	LACHRO21 Jæren og Dalane 2022			
1114 Bjerkreim	AVTALE	2023	2022	24.04.2023	2022	LACHRO21 Jæren og Dalane 2022			
1119 Hå				21.12.2015	2014	LACHRO41 Hå 2014	07.07.2020	2019	LACHRO81 Jæren og Dalane 2018
1120 Klepp				05.06.2020	2019	LACHRO61 Jæren FKB 2016			
1121 Time				04.09.2015	2013	LACHRO31 Time 2013	08.07.2020	2019	LACHRO81 Jæren og Dalane 2018
1122 Gjesdal				19.05.2020	2019	LACHRO91 Jæren 2019			
1124 Sola				29.10.2015	2014	LACHRO43 Sola 2014	07.09.2020	2019	LACHRO81 Jæren og Dalane 2018
1127 Randaberg				13.12.2012	2010	LACHRO12 Randaberg og Rennesøy 2011	12.11.2020	2019	LACHRO61 Jæren FKB 2016
1130 Strand				04.06.2014	2012	LACHRO21 Strand 2012	19.08.2020	2020	LACHRO61 Jæren FKB 2016, LACHRO02 Ryfylke 2020
1133 Hjelmeland				22.12.2016	2015	LACHRO53 Hjelmeland Finnøy Kvitsøy 2015	20.12.2021	2020	LACHRO02 Ryfylke 2020
1134 Suldal				09.11.2016	2015	LACHRO45 Sauda og Suldal 2014	16.12.2021	2020	LACHRO02 Ryfylke 2020
1135 Sauda				09.11.2016	2015	LACHRO45 Sauda og Suldal 2014	01.03.2022	2021	LACHRO02 Ryfylke 2020
1144 Kvitsøy				09.06.2011	2010	LACHRO12 GEOVEKSTPROSJEKT NORDJÆREN 2021	09.12.2021	2019	LACHRO12 GEOVEKSTPROSJEKT NORDJÆREN 2021
1145 Bokn				27.03.2015	2013	LACHRO24 Haugalandet 2012	26.08.2020	2019	LACHRO71 Haugalandet 2017
1146 Tysvær	Plan			16.03.2015	2013	LACHRO24 Haugalandet 2012	16.09.2020	2019	LACHRO71 Haugalandet 2017
1149 Karmøy				06.11.2014	2013	LACHRO32 Haugalandet 2013	12.11.2020	2019	LACHRO71 Haugalandet 2017
1151 Utsira				27.02.2013	2012	LACHRO25 Utsira	02.09.2020	2019	LACHRO71 Haugalandet 2017
1160 Vindafjord				08.05.2015	2013	LACHRO24 Haugalandet 2012	09.09.2020	2019	LACHRO71 Haugalandet 2017

Figur 5: Status og planar for ajourhold avFKB-AR5 pr. 1. august 2023

### 4.1.2 Ortofoto og andre bilededata

Ortofoto er målestokksrette flybilete. Ortofoto blir laga anten frå bilete frå nasjonalt program for omløpsfotografering (normalt med oppløysning på 25 cm) eller i samband med Geovekst-prosjekt (normalt med oppløysning på 10 cm). [Produktspesifikasjon for ortofoto](#) presenterer dei aktuelle ortofototypane. Dei mest aktuelle er ortofoto og sant ortofoto.

Eventuell etablering av andre bilededata må vurderast i dei lokale samarbeida.

#### **Nasjonale mål**

Dei nasjonale måla bygger opp om tiltak 9, [Videreutvikle detaljerte grunnkart \(FKB\) for fremtiden](#), i handlingsplanen til nasjonal geodatastrategi.

Gjennom omløpsprogrammet blir heile landet dekkja med nye ortofoto med eit omløp på 6-8 år. For område med tettare busetting og/eller særskild interesse er det ønskeleg med eit hurtigare omløp og betre oppløysning enn det omløpsbileta gir. Dette må vurderast i dei lokale samarbeida.

#### **Mål i Rogaland**

- Sette i gang skråfotoprojekt der det er interesse for det
- Sette i gang reine ortofotoprojekt der det er behov
- Sette i gang prosjekt med historiske ortofoto der det er interesse for det

**Delmål**

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Lage historiske ortofoto	- På eldre foto kan ein sjå detaljar som ikkje er registrerte frå før, m.a. bygg og grenser	- Digitalisere eldre foto og innhente tilbod på produksjon - Vurdere kostnad/nytte	SK Geovekstpartar	
Etablere prosjekt med skråbilde	- Ortofoto syner ikkje sider på bygg	- Vurdere kostnad/nytte - Innhente tilbod og lage avtalar	Geovekstpartar SK	

### 4.1.3 Detaljerte høgdedata (terreng og overflate)

I 2022 vart det etablert ein nasjonal detaljert høgdemodell (NDH) for heile landet. Etablerte data er tilgjengelig i [www.hoydedata.no](http://www.hoydedata.no). I hovudsak blir prosjektet gjennomført ved nymåling med laser (2 pkt/m<sup>2</sup> 231.000km<sup>2</sup>), gjenbruk av eksisterande laserdata frå Geovekst (57.000 km<sup>2</sup>) og bilete-matching i større samanhengande fjellområde utan vesentleg vegetasjon (36.000km<sup>2</sup>). Det er Kartverket sentralt som har koordinert prosjektet i tett samarbeid med nasjonale etatar og Geovekst. På regionalt nivå har Geovekst sørge for tilleggsfinansiering i område der større punktettleik har vore ønska. Eventuell etablering av andre høgdedata vert vurdert i dei lokale samarbeida. Dette kan til dømes vere relevant etter større terrengingrep. Høgdekurver skal avleiaast frå NDH/høgdedata (frå laser eller biletmatching) - høgdemodellen er primærkilda for høgdeverdiar.

Dataa kan brukast til mellom anna analysar av skred-, flom- og rasfare. Dei vil også vere viktige i samband med arealplanlegging og bidra til å betre flytryggleiken.

#### **Nasjonale mål**

Dei nasjonale målsetjingane bygger opp under tiltak 8, [Nasjonal detaljert høgdemodell](#), i handlingsplanen til nasjonal geodatastrategi.

Partane skal gjennom geodataplanlegginga vurdere kva område som skal laserskannast på nytt for å forbetre kvaliteten til den nasjonale høgdemodellen (betre oppløysing, nyare data etc.).

Endeleg avklaring om korleis finansiering og rettigheitar skal praktiserast er enno ikkje klårt. Dette heng saman med korleis *The Directive on open data* (ODD-direktivet) vert implementert i Noreg.

Etter Gjerdrum-ulykka har det vorte meir fokus på større samanhengande kvikkleire-område med stort potensial for menneskelege og materielle tap. NVE vil i samarbeid med Geovekst-partane fylgje opp dette gjennom eit program for periodisk laserskanning.

Det er ynskjeleg at det i planperioden vert gjennomført testprosjekt i fylka for utprøving av ny teknologi og nye plattformer for datafangst. Slike prosjekt skal gjennomførast i tett dialog med Geovekst nasjonalt.

#### **Status i Rogaland**

Alle område som skal skannast i Rogaland er no skanna. Bildematching av aktuelle område er avslutta. Alle data er no publisert i NDH. Oppdatert status kan ein finne på [kartverket si side for NDH](#).

#### **Mål i Rogaland**

- Det skal finnast ein oppdatert høgdemodell for heile Rogaland som inneheld detaljar på eit nivå som er bestemt av dei lokale brukarane
- Ha eit godt samarbeid mellom brukarane slik at prosjekta kan dekke større område og vere kostnadseffektive
- Vurdere bruk av fargelaser i framtidige prosjekt
- Laserdata fra droner, bakkeskanning og bil legges inn i hoydedata.no

## Delmål

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Ajourhald av høgdedatabase	<ul style="list-style-type: none"><li>- Det har vore endringar i terrenget sidan siste skanning</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Undersøkje kvar endringane har vore og om det trengst å skanne på ny</li><li>- Lage geovekstvtalar om skanning, få tilbod frå firma og ajourføre databasar</li><li>- Skaffe oppdaterte høgdedata etter bygging. Opplæring i bruk og innsamling av laserdata med drone</li></ul>	Kommunane Vegvesenet Fylkeskommunen Kartverket  Vegvesenet, kommunane SK, Bane NOR	1. juli årleg
Bestille fargelaser ved oppdatering av høgdebasen	<ul style="list-style-type: none"><li>- Får meir informasjon om terrenget og enklare å tolke data</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Sjå på kostnader/nytte</li><li>- E-verka har god nytte av fargelaser ifbm. klassifisering av luftnett etter gjennomført laserskanning.</li></ul>	SK E-verka	
Legge høgdedata frå drone, bakkelasar eller bil inn i hoydedata.no	<ul style="list-style-type: none"><li>- Det finst ein god del data frå andre kjelder enn flyskanning</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Få oversikt over relevante data</li><li>- Finne dokumentasjon på kvalitet og vurdere kva som bør leggest inn.</li></ul>	Kommunane SK	2023



#### 4.1.4 Matrikkeldata og administrative grenser

Matrikkelen er landets offisielle register over fast eiendom, bygningar, brukseining og adresser. Gjennom matrikkelen skal viktige opplysningar om eiendom være tilgjengeleg på en einsarta og påliteleg måte for alle faste eigendomar i landet. Saman med Folkeregisteret og Enhetsregisteret utgjer matrikkelen dei tre basisregistra i landet. Og matrikkelen er utpekt av Digitaliseringsdirektoratet som ein av dei 25 nasjonale fellesløysingane som skal kunne gjenbrukast i utviklinga av offentlege digitale tenester. Matrikkelen er eit skjermingsverdig objekt etter sikkerheitslova. Denne statusen gjer at det vert stilt strenge krav til kommunar og Kartverket som matrikkelmyndigheiter med tanke på å sikre tilgjengelegheit, integritet og konfidensialitet for data som er registrert i matrikkelen.

Kartverket er sentral og kommunen er lokal matrikkelmyndigheit, jf. matrikkelloven § 5a.

Det er kommunane som har ansvar for å utføre oppmålingsforretningar og føre matrikkelen i egen kommune. Kartverket skal sørge for ordning, drift og forvaltning av matrikkelen.

Kartverket gjennomfører kurs, godkjenner dei som skal føre matrikkel, autoriserer landmålarar og fører tilsyn med kommunane etter matrikkellova.

#### Nasjonale mål

De nasjonale måla tar utgangspunkt i formålet til matrikkellova med tilhøyrande føresegner, nasjonal geodatastrategi (oppdaterast hausten 2023) og i Kartverkets strategi: - Oppretthalde finansiell stabilitet, - effektivisere offentlig forvaltning, -styrke samfunnssikkerheit og beredskap, -skape et berekraftig samfunn – klima og miljø og – auke innovasjon og næringsutvikling.

Matrikkelen skal i tråd med regelverk og instruks føres einsarta og innanfor gitte tidsfristar. I tillegg har ein også ein datakvalitetstrategi for kvalitetsheving av matrikkelen der ein har satt seg tre strategiske mål:

Datakvalitetsstrategien har tre strategiske mål:

1. Ein felles praksis for matrikkelføring i alle kommunar
2. Kvalitetsheving av prioriterte område eller datafelt
3. Effektivisere prosessar forinnsamling og oppdatering av matrikkeldata

For å måle datakvalitet og følge med på utviklinga er det satt opp KPI'ar (key performance indicator) med måltal for 2025. Fylkesgeodataplanen viderefører desse ut frå status i eige fylke og innspel frå planens partar/bidragstytar/aktørar og konkretiserer i relevante tiltak og måltal for året.

#### Oversikt over KPI og status i Rogaland i 2023

KPI	=Våre mål på suksess	Måltall 2025	Status juni 2023
M1	Matrikkelenhetene grunneiendom, festegrund og jordsameie har teig	Grunneiendom: 99 % Festegrund: 95 % Jordsameie: 100 %	Grunneiendom: 98,9 % Festegrund: 97,1 % Jordsameie: 97,5 %
M2	Gjennomføring av MUF skjer innen lovpålagte frister.	I 2022 skal trenden være nedadgående Maksimalt 1 500 MUF over frist	81 over frist 01.06.2023  Trenden er økende i Rogaland

M3	Matrikkel og grunnbok samsvarer med hensyn på om matrikkelenhetene er utgått eller bestående	Makimalt 150 avvik nasjonalt.	100 avvik i Rogaland. 984 avvik nasjonalt
M4	Teiger har avklart tilknytning til antall matrikkelnummer.	I 2022 skal trenden med teiger med flere matrikkelnummer være nedadgående. Måltall ikke satt.	4 345 teiger med flere matrikkelenheter. En nedgang på 80 teiger siden 01.01.2022 Status 01.01.2022: 4425
M5	Matrikkelenhetenes teiger er avgrenset med eiendomsgrenser (eventuelt hjelpelinjer) og uten bruk av fiktive linjer.	Maksimalt 80 000 matrikkelenheter med kun fiktive grenser.	5355 av 110 177 4,9% av teiger med fiktive grenser befinner seg i Rogaland
A1	Adresser skal gis ved bruk av vegadresser	Andel vegadresser: 99 %	97,97%
B1	Lovpålagte datafelt for arealer i bygninger fylles ut på bygninger registrert etter 1. jan. 2010.	BYA = 90 % BRA = 95 % BTA = Måltall ikke satt	BYA = 86,4% BRA = 95,3% BTA = 15,6%
B2	Vedtak om nye bygninger og bygningsendringer føres innen femdagersfristen	90 % innen frist	Gjennomsnitt antall dager 2023: 6 dager På kommunenivå varierer det mellom 0-100% innen frist

I tillegg til datakvalitetstrategien vil det for åra 2024 – 2026 skal det være ekstra fokus på matrikkelen sin rolle som nasjonal fellesløsning i nytt verdsettingssystem for fritidsboliger i formuesskatten.

Dette er dei nasjonale måla:

- For nye bygg, medrekna fritidsbustader; Sikre at datafelte BRA, vatn, avløp, energi og oppvarming får full utfyllingsgrad og med riktig kvalitet (ansvar: kommunane). Måltal 2024: 100% utfylling.
- For eksisterande fritidsbustader: Oppdatere matrikkelen med informasjon om BRA, vatn, avløp, energi og oppvarming, dersom kommunen har tilgang til denne informasjonen frå arkiv eller andre kjelder (ansvar: kommunane). Måltall 2024: 75% utfylling.
- Utarbeide rettleiarar som skal sikre einsartet føring kommunane i mellom (ansvar: Kartverket)-Ta i bruk rettleiarane som sikrar einsarta føring (ansvar: Kommunane)
- Ta i bruk rettleiarane som sikrar einsarta føring (ansvar: Kommunane)
- Vegadresse som einaste adresseform (ansvar: kommunane) Som i fastsatt plan.
- Ikkje ha MUF som er gått ut på frist (ansvar: kommunane) Som i fastsatt plan

## Regionale mål for Rogaland

### Matrikkeleining

Delmål (kva)	Status (kvifor)	Tiltak (korleis)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Gjennomfør MUF i samsvar med regelverket	Aukande trend i talet på MUF over frist.  Sikre at rekvirent og berørte har klarlagde grenser.	Sikre at ikkje fullførte oppmålingsforretningar (MUF) fullførast innan fastlagt frist.  Avvikle restansane med MUF etter matrikkelloven.  Utarbeide rutinar for å sikre gjennomføring i samsvar med regelverket.	Kartverket :  Utarbeide rapportar og sende desse til kommunane kvartalsviss  Kommunalar:  Ha eit system for oppfølging av MUF og fullføre MUF innan frist.	Måltal 2024: Fullføre eksisterande MUF som er over frist  Måltal 2025: maks 15 % av alle MUF er over frist
Matrikkeleiningane grunneigedom, festegrunn og jordsameie har teig	Ca 2300 grunneigedommar og ca. 160 festetomter manglar teig i kartet	Få oversikt over matrikkeleiningane som manglar teig, undersøke dokumentasjon og kontakte eigar. Registrere matrikkeleingane i matrikkelen.	Kartverket :  Utarbeide rapportar til dei som treng det  Kommunalar:  Registrere i matrikkel	Måltal 2024:  Registrere 5% av matrikkeleiningane som manglar teig i matrikkelen.  Måltal 2025:  Grunneigedom: 99 % Festegrunn: 95 %  Jordsameie: 100 %

## Adresse

Delmål (kva)	Status (kvifor)	Tiltak (korleis)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Etablere og registrere vegadresser på fritidsbustader.	Det er ca 4100 matrikkeladresser i Rogaland. Dei fleste matrikkeladressane gjeld fritidsbustader.	Innføre vegadresser i områder der det er matrikkeladresser. Fokuserer på bygg nær veg.	Kommunar:  Prioritere adressering av fritidsbustader med matrikkeladresse.	Måltal 2024:  Ha minimum 90% vegadresser i alle kommunar  Måltal 2025: 99 % fullstendigheit

## Bygning

Delmål (kva)	Status (kvifor)	Tiltak (korleis)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Sikre at lovpålagte datafelta som BRA, vatn, avløp, energi og oppvarming får full utfyllingsgrad og med riktig kvalitet	Klargjere matrikkelen for digital og automatisert sakshandsaming, samt sikre best mulig data til ny modell for verdsetting av fritidsbustader	Registrere lovpålagte datafelt på bygg i matrikkelen	Kommunar:  Registrere opplysningar i matrikkelen	Måltal 2024: 100% utfylling.

## 4.1.5 Forvaltning, drift og vedlikehald

### **Status**

Det ligg føre FDV-avtalar i alle kommunane. Det skal haldast årsmøte der vedlegga til FDV-avtalane blir reviderte. Av vedlegga går det fram aktuelle datasett, rettar, tilgang og økonomi for kvar part. Elles skjer arbeidet gjennom løpande, meir uformell kontakt så langt det gjeld forståinga av avtalen.

Eit prosjekt med sentral lagring av kartdata, SFKB, er sett i gang. Alle kommunane i Rogaland har no teke systemet i bruk. Kartverket utfører vedlikehaldskontroll av data i SFKB 1 til 2 gonger årleg etter faste intervall.

### **Mål**

Hamnevesenet og e-verka skal ta i bruk SFKB for FKB-data og hamnedata i løpet av planperioden.

Byggje opp forståing for og kunnskap om standardar og produktspesifikasjonar for kontroll og tilrettelegging av data

Bruke laserdata frå skanning av kraftleidningar til ajourføring av leidningsnett. For høgspent er dette mogleg.

## 4.2 Plandata

Geodatalova og Plan- og bygningslova (PBL) med forskrifter stiller mellom anna krav til etablering, forvaltning og tilgjengeleggjering av plandata, dessutan at kommunar skal levere årsversjonar av spesifiserte datasett i planregisteret til Kartverket.

Nasjonal geodatastrategi med tilhøyrande [handlingsplan, tiltak 5 for Plan](#), «Heva kvaliteten på arealplandata – forbetre tilgang til planregister» gjer føringar.

*Gode, oppdaterte plandata, med løypande forvaltning og påliteleg datatilgang for offentlige etatar, innbyggjarar og næringsliv.*

- sikre forankring og tid til å føre relevant informasjon i planregisteret
- sikre meir fullstendigheit i dei kommunale planregistra gjennom fortløpande oppdatering
- sikre betre samhandling og tilgang til arealplandata

For at Norge digitalt-partar skal kunne gjera sitt arbeid på ein effektiv og kvalitetssikker måte, har dei behov for effektiv og robust tilgang til oppdaterte digitale plandata med god kvalitet, for alle planstatusar, frå flest mulig kommunar.

Nasjonale og regionale mål og tiltak skal støtta opp under dette.

## **Nasjonale mål**

Sikra forankring og tid til å føre relevant informasjon i planregisteret.

- Forankra i leiinga.
- Prioritert oppgåve.

Sikra meir fullstendigheit i dei kommunale planregistra gjennom fortløpande oppdatering.

- Etablere rutinar for løpande forvaltning.
- Gjennomføre/delta på kurs i forvaltning av planregistre.
- Etablere kommunesamarbeid for å bidra til å sikra forvaltning og deling av arealplanar i kommunar som ikkje har ressursar/kapasitet/kompetanse sjølv.
- Styrke kvaliteten på kartdelen av planregisteret gjennom ytterligare vektorisering og kvalitetsheving av aktuelle planar.

Sikra betre samhandling og tilgang til arealplandata.

- Bidra til at flest mogleg kommunar deler sine digitale planbasar med Norge digitalt gjennom geosynkronisering - alle planstatusar, plannivåar og plantypar.
- Bidra til å sikra robust og stabil geosynkronisering.
- Bidra til at alle kommunar leverar årsversjonar til Kartverket, fortrinnsvis ved geosynkronisering, og at årsversjonane inneheld vedtatte kommuneplanar/-delplanar og reguleringsplanar.
- Medverke til utvikling på planområdet, t.d. ved å beskriva brukarbehov, delta i arbeids- og referansegrupper, vera pilotkommunar, ved å tidlig ta i bruk nye løysningar som kjem eller ved å gi tilgang på data til testing av nye digitale løysningar.
- Kommunane oppfordrast til å oppheva gamle planar ved til dømes kommuneplanrullering for å sikre eintydig tolking og likebehandling.

Avtalar med og leveransar frå kommunane til Norge digitalt og årsversjonar til Kartverket handterast gjennom [FDV-avtalen](#) med vedlegg.

## **Mål i Rogaland**

Det er etablert kommunale planregister på ein standardisert måte i alle kommunar i Rogaland. Det er eit mål at:

- Kommunen leverer komplette plandata på alle plannivå til Norge digitalt i løpet av 2027

## **Status geosynkronisering av planar:**

Alle kommunane i fylket synkroniserer.

## Delmål

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Alle arealplanar på høyring tilgjengeleg gjennom GIS-løysingar	Dataflyt for planforslag er fortsatt mangelfull. Det er behov for å lette saksbehandlninga hos partane	<ul style="list-style-type: none"><li>- Geosynkronisering</li><li>- Tilrettelegge plandata frå Geonorge på Temakart Rogaland</li><li>- Rutine for å kvalitetssikre plandata i Temakart Rogaland</li><li>- Kommunesamarbeid</li></ul>	Kommunane  SK/SF  SF	Kontinuerleg
Alle dispensasjonar skal registrerast i kommunen sitt planregister	Variierer frå kommune til kommune	Utarbeide rutinar for registrering av dispensasjonar	Kommunane	Kontinuerleg
Rette feil i planbasar	Det er en god del feil i SOSI-strukturen i planbasane	Kartverket har utvikla kontrollrutinar for geosynkroniserte planbasar. Forvaltning av planregister kan også skje i kommunesamarbeid. Kontrollere datastrukturen planane	SK, Kommunane  SK	2024
Registrere endringar i planar		Legge inn endringar i planregisteret	Kommunane	Kontinuerleg
Digitalisering av analoge planar med mål om komplett digitalt plangrunnlag i Rogaland	Det er framleis mange reguleringsplanar som er analoge, alternativt berre digitale omriss og ikkje arealformål	Kartlegge status Kommunebesøk	Faggruppe analyse / Plangruppa	2024
Områdeanalyse for planforslag	For å lette saksbehandling hos partane	Plananalyse for planar under arbeid mot DOK-tema	Faggruppe analyse / Plangruppa	Kontinuerleg

## 4.3 Temadata

Bruk av temadata er grunnleggande for å kunne løyse viktige samfunnsoppgåver knytt til miljø, klima, risiko og beredskap, planlegging og forvaltning.

Det offentlege kartgrunnlaget (DOK) er offentlege geografiske data som er tilrettelagde for plan- og byggesaksarbeidet i kommunane, og som også inkluderer temadata. Føremålet med det offentlege kartgrunnlaget er å sikre ei kunnskapsbasert og effektiv planlegging og saksbehandling.

Kommunane skal årleg ta stilling til kva for datasett som skal vere det offentlege kartgrunnlaget i kommunen. DOK-lista vil vere ein kombinasjon av nasjonale DOK-datasett og DOK-tilleggsdata. Til hjelp i dette arbeidet har Kartverket utarbeidd [DOK i kommunane](#) og eigne DOK-verktøy i Geonorge.

Kommunane blir oppmoda til å bidra med data til nasjonale datasett og til å utarbeide eigne datasett.

Temadata som er etablert kommunalt og regionalt, og som er av interesse for ein eller fleire regionale partar, bør tilgjengeleggjerast for Norge digitalt.

### **Nasjonale mål**

Dei nasjonale måla bygger opp under tiltak 3, *Heve kvaliteten på det offentlige kartgrunnlaget (DOK)*, i handlingsplanen til nasjonal geodatastrategi.

- Alle aktuelle DOK-tilleggsdata (lokale data) som finst i kommunar skal registrerast og vedlikehaldast i Geonorge
- Alle aktuelle lokale data skal forvaltast i nasjonale datasett i samarbeid med nasjonale etatar
- Etablering av nye aktuelle kommunale datasett
- Auka bruk av temadata i kommunal forvaltning


### **Mål i Rogaland**

- Auke kunnskapen om dei mest sentrale temadatasetta innanfor saksbehandlinga, spesielt i kommunale planleggingsprosessar
- Betre tilgangen til tematiske geodata gjennom at viktige, lokale datasett blir etablert og forvalta systematisk
- Supplere nasjonale temadatasett med detaljerte, lokale registreringar der dette er nødvendig for at regionen skal ha eit best mogleg kunnskapsgrunnlag i vedtaksprosessane sine
- Arbeide vidare med DOK-data for Rogaland. Tilrettelegge mest mogleg DOK data i Temakart Rogaland.



### 4.3.1 Hamnedata

Hamnedata er detaljert geografisk informasjon om hamner/kaier og objekt som høyrer til. Dataa inneheld moglegheiter for å bruke koplingsnøklar for å kople dei geografiske objekta til bakanforliggende system med ytterlegare informasjon om hamnene. Brukarane av hamnedataa er hamnemyndighetene sjølve og dei som bruker hamna. I tillegg er Kystverket og Forsvaret viktige interessentar i datasettet. Spesifikasjonen er laga med tanke på forvaltning i ein sentral base etter same forvaltningskonsept som Sentral FKB.



Figur 6 Døme på objektpar som inngår i Hamnedata

Det er utarbeidd ein felles registreringsinstruks for hamnedata. Instruksen blir lagt til grunn for den kartlegginga som skal gjennomførast i dei utvalde hamnene i tillegg til produktspesifikasjon og teiknereglar.

### Mål i Rogaland

- Få i stand eit samarbeid i fylket for etablering og vedlikehøad av hamnedata
- Å få til ein felles finansiering/samarbeidsmodell av arbeidet (eksempel sjå til Geovekst)
- Registrere data for alle større hamner i fylket
- Registrerer data for alle småbåthamner i fylket
- Gjere data tilgjengeleg – f. eks. i Temakart Rogaland
- Gjere behovet for hamnedata kjent og synleggjere nytteverdien i kommunane i fylket
- Vedlikehalde/oppdatere hamnedata som er lagt inn i hamnedatabasen

### 4.3.2 Vasstandsdata

Kartverket har ansvar for innsamling og forvaltning av vasstandsdata langs heile norskekysten. Vasstandsdata og relaterte produkt og tenester vert brukt bl.a. til varsling og beredskapsarbeid knytt til ekstremvasstand, klimatilpassing, planarbeid og for navigasjon og rekreasjon. Produkta vert distribuerte via [Se havnivå](#), et API for tidsseriar og posisjonsinformasjon, og Geonorge for DOK-data og flatemodellar.

Det er behov for å vidareutvikle datagrunnlaget for vasstandsdata for å kunne oppfylle eksisterande og framtidige brukarbehov. Kartverket har derfor starta opp VannTett-prosjektet som skal forbetre det nasjonale målenettet for vasstand i åra framover, i hovudsak ved å fortette nettet av permanente vasstandsmålarar. Eit av fokusområda for prosjektet er kysten mellom Sola og Lista der det per i dag ikkje vert distribuert vasstandsdata grunna manglande

datagrunnlag. Dette resulterer blant anna i at varsling av og informasjon om stormflo, inkludert DOK-datasett knytt til stormflo, er av for dårleg kvalitet.

Kartverket har i samarbeid med Sandnes kommune, med støtte fra Statsforvalteren i Rogaland installert ein ny permanent vasstandsmålar i Sandnes for å forbetre datagrunnlaget kommunen kan benytte seg av i beredskaps- og klimatilpassningssamanheng. Det andre pågåande prosjektet er med Hå kommune der ein ved å installere ein vasstandsmålar i Sirevåg kan forbetre datagrunnlaget på deler av strekninga Sola-Lista.

### **Mål i Rogaland**

- Forbetre datakvaliteten på vasstandsdata og relaterte produkt på strekket Sola til Lista ved å fortette det permanente målenettet for vasstand.

### Delmål for pkt 4.3

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Etablere datasett for innfallsportar til friluftsområde	Registreringar er mangelfulle.	Må utrede behov og evt. innsats Legge inn i Temakart Rogaland	Kommunane/ Fylkeskommunen	kontinuerleg
Etablere datasett «Kartlagde og verdsette område for friluftsliv»	I stor grad etablert men nokre kommunar manglar framleis å sende inn data for sin kommune	Ta kontakt med aktuelle kommunar og ha dialog om korleis vi kan få til dette i fellesskap. Levere datasettet til Miljødirektoratet for innlegging i Naturbasen.	Kommunane/ Fylkeskommunen	2024
Ha mest mogleg oppdaterte kart innan samfunnstryggleik ogberedskap	Viktig informasjonsgrunnlag i samfunnsplanlegging	Følgje opp NVE/NGU for å bli prioritert i kartlegging av skredfare og flom Påverke NVE og NGU til å bruke NDH til å lage nye analysar og forbetre faresonekart. Gjere Flomhending på kart tilgjengeleg i Temakart Rogaland Få tak i skreddata fra Bane NOR Etablere datasett for Brannkummar Få betre data for dyrehelse	SF	kontinuerleg
Ha mest mogleg oppdaterte kart innan klima: klimautsleppsreduksjon og karbonlager	Viktig informasjonsgrunnlag i samfunnsplanlegging	Følgje opp aktuelt arbeid hos NIBIO og andre relevante etatar  Tilgjengeleggjere informasjon frå NIBIO si kartlegging av karbonrike areal i Rogaland (kunnskapsgrunnlag Regionalplan for klimaomstilling)	SF/fylkeskommunen	kontinuerleg

Delmål (kva)	Status (kvifor setje i verk tiltak)	Tiltak (korleis nå delmål)	Ansvar (kven)	Tidsfrist (når)
Etablere kommunedekkande datasett over stier og løyper	Ein del lokale basar. Nasjonalt prosjekt for sti- og ruteplanar.	Oppmode kommunane om å levere datasett Tur- og friluftsrute til Kartverket Kartfeste stiar og tilpasse data til produktspesifikasjon Sammenstille data til eit datasett for distribusjon i Geonorge Hente data frå TraktorvegSti-basar	SK  Kommunane  SK	
Integrere informasjon om tilgjengelegheit i Temakart Rogaland	Nettstaden tilgjengelighet.no er tatt ned	innhente status på kartlegging	FK / SK	2025
Betre tilgang på data over sjøtrafikk	Den nye dataløysinga «Kystdatahuset», eit datavarehus for informasjon om skipstrafikk, vart lansert og tilgjengeleggjort for alle i 2019.	Informere om den nye dataløysinga for skipstrafikk Spørsmål eller innspel til vidareutvikling av tenesta kan sendast til: <a href="mailto:support.kystdatahuset@kystverket.no">support.kystdatahuset@kystverket.no</a>	Kystverket SK Sjø	
Forbetre datagrunnlaget for fiske og havbruk	Kommunen har ansvar for planlegging inntil 1 mil utanfor kystlina	Få fleire område i Rogaland med i prosjektet Marine grunnkart i kystsonen	Kommunar, Kystverket, Kartverket, Fiskeridirektoratet, statsforvalteren og fylkeskommunen.	
Forbetre avrenningskart i Rogaland	Det trengs betre data for stikkrenner.	Bruk av skript og høgdemodellar Vurdere kvalitet på/ending i terrengmodell	Fylkeskommune/Statsforvaltaren/Brukarforum for NVDB	Kontinuerleg/på forespørsel

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Gjere nytt datasett «Vegbilder og laserdata/punktsky» kjent	Nyttig for fleire	Tilrettelegge informasjon om bildepunkt i Temakart Rogaland med lenke til MapSpace Formidling som del av Temakart Rogaland-webinar på temadata	Fylkeskommunen	2024
Ta turrutebasen i bruk i kommunen sitt offentlege kartgrunnlag		Samsvar i geometri mellom Turrutebasen og geometri i FKB-basane Forvalte kartgrunnlag som viser stier og turruter i samsvar med datasettet «Kartlagte- og verdsatte friluftsområde». Synleggjere gode planar og tiltak knyttet til turrutebasen i Geodataplaner	Kommunane  Kommunane  Kommunane	2024
Aktuelle område for kartlegging etter Natur i Norge-standard	Treng kunnskap om område som bør kartleggast	Melde inn aktuelle område til Statsforvaltaren som tek det vidare til Miljødirektoratet. Kan opprette ein Survey gjennom Temakart Rogaland der folk kan kome med innspel	SF/Temakart Rogaland	Kontinuerleg/haust
Gjere datasett om vegminner kjent	Kan lette saksbehandling	Formidling som del av Temakart Rogaland-webinar på temadata	Fylkeskommunen	
Forbetre datagrunnlag på område med konsekvensutgreiing (KU)	Oversikt over KU-område er mangelfull, betre oversikt vil lette saksbehandling for ulike partar	Samle inn omriss for KU som er gjennomført i Rogaland.Gjere data betre tilgjengeleg.	SF/Temakart Rogaland	Kontinuerleg

## 4.4 Marine data

På land er det lange tradisjonar for geodatasamarbeid, standardisering og infrastruktur. Vannflata gir andre utfordringar enn på land i forbindelse med datainnsamling.

Kartverket, Norges geologiske undersøkelse og Havforskningsinstituttet har i tre år samarbeidet om å lage helt nye og detaljerte kart for tre utvalde pilotområder langs norskekysten, mellom anna i Ålesund og Giske.

Marine grunnkart i kystsona (<https://kartverket.no/geodataarbeid/marine-grunnkart-i-kystsonen>) er detaljerte kart som viser geografiske eigenskapar og forhold under vann i kystområde. Karta gir informasjon om havbotnen, sjødjupne, botnforhold, tidevatn, straumar, geologi, biologi, kjemisk miljøtilstand og andre aspekt av dei marine miljøa nær kysten. Marine grunnkart er viktige verktøy for å forstå og planlegge aktivitetar som fiskeri, skipsfart, kystsikring, miljøovervaking, og økologisk forvaltning. Dei hjelper og med å identifisere potensielle farar og høve i kystområdene, og de er avgjerande for å støtte ei berekraftig forvaltning av hav- og kystressursar.

Geodatakoordinering og infrastruktur vil gjere det mogleg å ha eit samanhengande kunnskapsgrunnlag på tvers av sjø og land i forbindelse med kommuneplanar og kystsoneplanlegging. Dette er avgjerande for å oppnå ein berekraftig og integrert planlegging av kystsoneområder. Det hjelper med å forstå de komplekse samanhengane mellom land- og sjømiljøa og sikrar at vedtak er basert på ei heilskapleg vurdering av alle relevante faktorar:

1. **Økosystemtilknytning:** Mange økosystem i kystområde er samankopla, og endringar som skjer på land, kan ha direkte eller indirekte innverking på marine økosystem og omvendt. For eksempel kan forureining frå land påverke vatnkvaliteten i havet, og endringar i kystlandskapet kan påverke kysterosjonen og sjøområda. Eit samanhengande kunnskapsgrunnlag bidrar til å forstå desse komplekse samanhengande og ta omsyn til dei i planlegginga.
2. **Berekraftig arealbruk:** Planlegging på tvers av sjø og land hjelper til med å koordinere arealbruk for å oppretthalde en berekraftig balanse mellom ulike aktivitetar og interesser. For eksempel må vedtak om arealbruk på land, som bustadutvikling eller industri, ta omsyn til effekten på marine ressursar og økosystem, som gyteområde for fisk.
3. **Klimatilpassing og katastroforebygging:** Samanhengande planlegging tar omsyn til klimaendringar og katastrofar som oversvømmingar og stormflo. Dette inneber å forstå korleis land- og sjøområde påverkast av klimaendringar og utvikle tilpassingsstrategiar som tar omsyn til begge områda. For eksempel kan planlegginga for kystsikring og flaumforebygging omfatte både land- og sjøaspekt.
4. **Juridiske og administrative omsyn:** Juridiske og administrative rammer kan variere mellom land- og sjøområde. Å ha eit samanhengande kunnskapsgrunnlag hjelper myndene med å koordinere planlegginga og sikre at dei rette retningslinjene og forskriftene blir implementert både på land og i sjøen.
5. **Konfliktforebygging:** Interesser og konfliktrar kan oppstå mellom ulike brukarar av kystområda, for eksempel fiskarar, turismebransjen og landutviklarar. Eit samanhengande kunnskapsgrunnlag gir ein felles forståing av situasjonen og bidrar til å løyse konfliktrar gjennom en integrert tilnærming.
6. **Effektiv ressursforvaltning:** Effektiv forvaltning av marine ressursar krev ei heilskapleg tilnærming som tar omsyn til både land- og sjøområda. Dette hjelper med å unngå overutnytting av ressursane og oppretthalde sunne økosystem.

Et satsingsforslag om marine grunnkart i kystsona som et nasjonalt program er levert til regjeringa med foreslått oppstart i 2024.

## Navigasjonskart og publikasjonar

Kartverket Sjø jobber fortløpande med å oppdatere og forbetre navigasjonskart og publikasjonar i Rogaland, blant anna med fokus på datakvalitet der Kystverket har etablert sine anbefalte ruter og hamnenes behov for meir detaljerte data i havne-ENCene. Gode fleistråledata, god kystkontur og god oppdatert hamneinformasjon, eks kaier, molo, ledningsdata etc i SFKB er naudsynt for å lage gode sjø- og hamnekart. Fleistråledata gir grunnlag for produksjon av gode kart som er til hjelp ved anløp i hamnene og som gir betre navigasjonstryggleik og som førebyggjer ulykker, havari og utslepp.

[Link til marine data i GeoNorge](#)

## Marine grunnkart


I pilotprosjektet Marine grunnkart i kystsonen (2020-2022) er all planlagt datainnsamling gjennomført. Resultat frå pilotområdet i Stavanger kommune er også formidla. Det står att å formidle terrengmodellar som er samla inn med grøn laser (Lidar) for grunne område i Stavanger pilotområde. Det arbeidast med å dokumentere brukarhistorier frå pilotområda, samt å utvikle og evaluere ny teknologi.

## Mål i Rogaland

- Sjøkartdata som eks – Sjøkart -maritim infrastruktur, Sjøkart – dybdedata, ENC, og sjøkart er tilgjengeleggjort og tekne i bruk ifm planarbeid i Rogaland
- Formidle nytte og viktighet av at navigasjonskart – og publikasjonar er oppdatert ifm endringar i kystsona for sikker seilas
- Bidra til å etablere rutinar for å oppdatere og tilgjengeleggjøre informasjon i kystsona basert på administrativ datafangst ex ledninger i sjø
- Foreslå nye område for kartlegging

Portalen [Dybdata \(kartverket.no\)](https://kartverket.no) syner dekning av sjømålingsdata.

Kart over [djupedata](#) kan og sjåast i Georange. Kartet her lyt forstørrast for å få fram alle detaljar.



Figur 7 Kart med djupedata i GeoNorge



## Delmål

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
	-	-		
Samle data for bølgekartlegging i ein base	- Fleire kommunar samlar data etter krav i lovverket	- Samle data i Temakart Rogaland	SF / FK	
Marine grunnkart i Rogaland – nye prosjekt	- Det trengs betre datagrunnlag for å forvalte marine ressursar på ein optimal måte	- Synleggjere lokal nytte av resultatane frå pilotprosjektet - Finne område i Rogaland som det er viktig å undersøkje	Kommunane Fylkeskommunen Havbruksnæringa Reiarlaga Referansegruppa	kontinuerleg
Legge tilhøva til rette for god forvaltning og bruk av marine ressursar i Rogaland	- Resultata frå pilotprosjektet vil gi grunnlag for god forvaltning av ressursane i sjøen og på havbotnen	- Gi innspel til nasjonal handlingsplan for maritim kartlegging - Ta data frå Marine grunnkart i bruk så snart dei ligg føre - Halde god kontakt mellom dei som forvaltar og dei som brukar ressursane i sjøen. - Opprette eit brukarforum	Kommunane Fylkeskommunen Havbruksnæringa Reiarlaga Referansegruppa	kontinuerleg
Gode tenester for navigasjonskart- og publikasjonar som underbygger planarbeid.	- minimere konflikt mellom utbygging og det å kome seg fram på sjøen	- Lage tenester i samarbeid med kommune og	Kartverket Sjødivisjonen	2027

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
		fylkeskommune og gjøre dem enkelt		
Utgi fleire detaljerte hamne-ENCAR i Rogaland	- Etterspurt av hamner	- Sjømåle og utgi hamne-ENC i Haugesund, Risavika og Mekjarvik	Kartverket Sjødivisjonen	2027
Få i stand eit samarbeid i fylket for etablering og vedlikehald av hamnedata	- For å legge til rette for at hamnedatastrukturen vert etablert i Rogaland	- Etablere arbeidsgruppe som består av aktuelle deltakarar	Kartverket/Fylkeskommunen	2025
Å få til ein felles finansiering/samarbeidsmodell av arbeidet med hamnedata (eksempel sjå til Geovekst)	- For å mogleggjere ei satsing på innsamling av hamnedata	- Etablere arbeidsgruppe bestående av aktuelle deltakarar	Kartverket/Fylkeskommunen	2024

## 4.5 Fylkesspesifikke tiltak

### Mål i Rogaland

- Kommunane skal vere godt førebudde dersom det vert endringar i kommunegrensene.

## Delmål

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Vere førebudd om det kjem eit nytt steg i kommuereforma	<ul style="list-style-type: none"><li>- Kommunereformen kan bli vidareført</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Bidra med råd og rettleiing innan geodataområdet.</li><li>- Vurdere om det er aktuelt å gjennomføre arbeidsverkstad for kommunar i fylket som skal endre grenser</li><li>- Halde informasjonsmøte</li></ul>	Kartverket	
Oppdatere avtalar for samarbeidet i Geovekst	<ul style="list-style-type: none"><li>- Det kan bli endringar i kommunegrensene</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>- Lage nye avtalar for samarbeidet i Geovekst</li><li>- Lage nye arkiv for filer i det sentrale forvaltningssystemet</li></ul>	Kartverket	

## 5 Kompetanse

Ein viktig suksessfaktor for Norge digitalt er at deltakande partar har tilstrekkeleg kompetanse til å utnytte potensialet i å vere ein del av samarbeidet. Det er derfor behov for påfyll av fagkompetanse med jamne mellomrom.

### **Nasjonale mål**

Gjennom Norge digitalt-samarbeidet tilby og gjennomføre nødvendige og ønska opplæringstiltak slik at samarbeidspartane på mest mogleg effektiv måte kan dra nytte av investeringane våre i ein felles geografiske infrastruktur.

### **Mål i Rogaland**

- Auke kompetanse om oppdatering og bruk av geodata hos alle Norge digitalt partar i Rogaland

## Delmål

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Samarbeid for å utnytte og auke kompetanse	Nokon har smarte løysingar som bør delast	<ul style="list-style-type: none"><li>- Fagdagar</li></ul>	Alle	
Fokus på kompetansebygging i eksisterande organisasjonar		<ul style="list-style-type: none"><li>- Prioritere og budsjettere for auka kompetanse</li><li>- Vere meir aktive mot plan- og byggesaksmiljøet og informere om nytta av geodata</li><li>- Lære opp hamnene til å bruke og registrere Hamnedata i SFKB</li></ul>	Alle Kommunane, SK Hamnevesenet	
Satse på auka nyrekruttering		<ul style="list-style-type: none"><li>- Stille opp på utdanningsmesser og liknande</li><li>- Marknadsføre fagområdet i skulen</li><li>- Bruke media og andre aktuelle arenaer</li><li>- Kartpresentasjon i Vitensenteret</li></ul>	Alle Alle Alle Alle	
Auke kompetansen i kontinuerlig ajourhald av Ar5	Harmonisering mot Veg og Bygg kan forberast	<ul style="list-style-type: none"><li>- Gjennomføre kurs i Ar5</li><li>- Web-løsningen</li></ul>	Landbruk, SF	
Auke kompetansen i ajourhald av byggbasane	Nokre kommunar kan gjennomføre vedlikehaldet betre	<ul style="list-style-type: none"><li>- Halde kurs/fagdagar om byggtema</li></ul>	SK	

<b>Delmål (kva)</b>	<b>Status (kvifor setje i verk tiltak)</b>	<b>Tiltak (korleis nå delmål)</b>	<b>Ansvar (kven)</b>	<b>Tidsfrist (når)</b>
Forbetre dataflyten ved endringar i samferdselsanlegg og gjere oppdateringer raskare	Det kan ta lang tid før samferdselsdata kjem inn i basane	- Halde kurs/fagdagar om Veg og Vegnett	SK	
Auke kompetansen i forvaltning av plandata	Mange kommunetilsette har ikkje god nok kompetanse på planforvaltning	- Arrangere plankurs	SK	
Auke kompetansen i databearbeid	Det må bli lettare å bruke data frå ulike system og format i same database.	- Arrangere kurs i FME - Arrangere kurs i QGIS	SK, Faggruppe for analyse	
Auke kompetansen i forvaltning av vegdata	Behov for diskusjon og betre samhandling mellom brukarane. Intelligente transportsystem sett større krav til datakvalitet.	- Arrangere kurs i forvaltning av vegdata	Brukarforum for NVDB	
Formidle kunnskap om innhald i og bruk av temadatasetta	DOK inneheld ei mengde temadata som det kan vere vanskeleg å halde seg oppdatert på for kommunane. Behov for jamn tilførsel av informasjon.	- Fagdag/workshop for kommunane Webinar i regi av Kartverket - Minst eitt arrangement årleg	Kartverket, Plan- og temadatautvalet	2024

## 6 Handlingsplan

Dette er ein fireårig handlingsplan som viser planlagde samarbeidsprosjekt (Geovekst, planprosjekt etc.). Handlingsplanen skal som eit minimum vise tidsavgrensa prosjekt som skal samfinansierast og inneheld ein kostnads kalkyle som kan nyttast ved budsjettering. Handlingsplanen finst som eit frittståande rekneark/vedlegg til dette dokumentet. Denne blir sendt til den enkelte samarbeidspart ved førespurnad. På grunn av reglane rundt UU-utforming av dokument som blir lagt på internett, kan vi ikkje legge ut handlingsplanane som søkbare rekneark.

Sjå vedlagd Excel-ark.